



Hordaland fylkeskommune v/Eirik Knive

Referansar:

Dykkar:

Vår: 14/1287 - 18/756

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

18.01.2018

Turskiltprosjektet - søknad om utsett frist og kanselling av prosjekt

Radøy kommune har dei siste åra hatt fleire turskiltprosjekt gåande. Fleire prosjekt har vore vanskelegare og meir tidkrevjande å fullføra enn det ein såg for seg ved oppstart.

1. Bømarkane

Radøy kommune fekk, i samarbeid med Hordabø IL, kr 31 000 frå turskiltprosjektet i 2015 til merking og gradering av løype gjennom Bømarkane. Dette prosjektet har tatt lengre tid enn venta på grunn av problem med å få inn grunneigarløyve og på grunn av skoghogst i området. Naudsynte grunneigarløyve er no på plass og løypa er merka. Me er no klare til å starta opp med skillting av løypa. Me ber såleis om utsetjing på prosjektet fram til 1. september.

2. Marøy

Radøy kommune fekk, i samarbeid med Marøy grendalag, kr 7000 frå turskiltprosjektet i 2015 til merking og gradering av løype til Knappen i Marøy. Dette prosjektet har tatt lengre tid enn venta, men me ser no at prosjektet kan fullførast i løpet av nokre månader. Me ber om utsetjing til 1. september.

3. Marås-Kolåseidet

Radøy kommune fekk i 2015, i samarbeid med Marås grendalag, tilskot til skilting, merking og gradering av turområdet mellom Marås og Kolåseidet. Området er i dag heilt anngleis enn då me søkte og fekk tildelt midlar. Dei to siste åra har det vore gjennomført ein omfattande skoghogst i store delar av dette området, og stiar og skogsvegar er køyrd sund. Området er såleis ikkje lenger eit attraktivt turområde, i alle fall dei nærmaste åra. Radøy kommune ynskjer difor å tilbakebetala midlane me fekk løyvd til tiltaket.

4. Vetåsveten og Orrnipa

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Radøy kommune fekk i 2016, i samarbeid med Vetås bygdelag, tildelt kr ... i midlar til merking og gradering av turløyper til Vetåsveten og Orrnipa. Prosjektet er godt i gang, men me har møtt på ein del problem med grunneigarløyve på stien til Orrnipa. Løypa til Vetåsveten er skilta og merka, men manglar startpunktjavle. Løypa til Orrnipa er delvis merka, men ikkje skilta då me her manglar eit par grunneigarløyve. Om me ikkje får desse vil løypa verta fram og attende og ikkje ei rundløype. Me ber om utsetjing til 1. november.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune v/Eirik
Knive